

## Referat frå styremøtet IT-forum S&Fj

**Stad & tid:** Skei hotell, 10.09.2009 kl 12.00 – 14.00

**Deltakarar:**

Atle Hamar  
Stig Starheim  
Yngve Hallen  
Anne Karin Hamre  
Liv Bodil Baug,  
Geir Grime,  
Bjørn Sørensen  
Heather Broomfield  
Ivar Petter Grøtte

**Forfall:**

Anne Margrete Alværn  
Øyvind Heimset Larsen

**Møteleiar:** Atle Hamar

**Referent:** Ivar Petter Grøtte

### Sak 1. Møtereferat

Ved ein inkurie er referat frå forrige møte ikkje sendt ut. Referatet blir ettersendt for godkjenning pr epost.

### Sak 2. Status og tiltak for Teknologikonferansen/It-forum 2009

Yngve og IP orienterte om arbeidet i programkomiteen og status for påmeldingar.

- Programmet i hovudsak på plass
  - o Manglar ein supplerande innleiar i skulesesjonen
  - o Manglar endeleg stadfesting for politikarane dag 2. Dette blir klart rett etter valet i neste veke.
- Økonomien ser ut til å bli bra. Hovedkostnadene under budsjett, særleg honorar til føredragshaldarane. Innskjerpning av at større del av dei påmelde betalar konferanseavgift
- 
- Driftsgruppa har kontroll på oppgradering av internett på hotellet. Nytt/oppgradert trådløst nett er lova. Må testast.
- Utsendingar via e-postlister til tidlegare deltakarar, NHO-lister og styremedlemmar sine kontaktar. Eigen annonseplan iverksett.
- Facebook-teneste er etablert og blir brukt i aukande grad
- Om lag 110 deltakarar pr i dag, inklusiv elevar og føredragshaldarar.

- Av dette 2 klassar frå vidaregåande skular med 8-10 elevar kvar (Sogndal og Øyrane)
- 9 utstillarar påmeld, dvs snart fullt
- Fordeling etter påmelde:
  - o Næringsliv ca 45 %
  - o Offentleg ca 30 %
  - o FoU ca 9 %
  - o Elevar ca 16%

Kommunane og ein del statsetatar er dårleg representert. Og Nordfjord er nærast fråverande.

Drøfting av rekruttering og lågare deltakaravgift for studentar. Vedtak om at Atle tek kontakt med Høgskulen, ingeniørutdanninga og inviterer dei til å delta mot at høgskulen dekkar deltakaravgift på kr 200 pr student. Dei betaler sjølve dagpakke på hotellet og eventuell overnatting. Dersom det viser seg vanskeleg å få høgskulen til å dekke konferanseavgifta, kan studentane ev. komme gratis. Men dei må i alle fall betale dagpakke. Etter avklaring med ingeniørutdanning kontaktar IP representant for IT-utdanning med samme tilbod som er avtalt med ingeniørutdanninga.

Atle har gjort avtale med Kristin Knutsen frå Jølster, elev ved musikklinja ved Firda vgs om kulturinnslag ved opninga.

<b>Tiltak for vidare oppfølging og profilering</b>	<b>Ansvarleg</b>
Oppfølging Høgskulen i S&Fj, ingeniørutdanninga - rekruttere studentane og lærarar	Atle
Oppfølging Høgskulen i S&Fj, IT-utdanninga - rekruttere studentane og lærarar	IP
Oppfølging EniVest AS	Atle
Oppfølging DIFI og statsetatane	Anne Karin
Oppfølging IN og deira bedriftskontaktat	Heather
Oppfølging av kommunane via Jan Ryste, KS	IP
Oppfølging av kommunane via skulenettverket ITF	IP
Oppfølging Hedmark og andre FM	Anne Karin
Oppfølging Hordaland og Møre&Romsdal, DnD, mm	IP
Oppfølging Helse Førde	Atle
Oppfølging NAV / Frode Henden / Tove Rygg..	Liv Bodil, Atle
Oppfølging næringshagane i Nordfjord (Måløy, Sandane, Eid og Stryn	Atle
Oppfølging medlemmar av fylkestinget og stortingsbenken	Atle, liste frå Bjørn
Oppfølging påmelde siste 2 år som ikkje er påmeld no	IP & VF
Oppfølging av nasjonale kontaktar, departement og direktorat med mer God mulegheit for å vise kva som skjer i S&Fj	Alle
Oppfølging videokonferansespørsmål & internett-kapasitet	Driftgr / IP
Vurdere mulegheit for å ha link (m logo) til ITF-konf fast fram til 23. Sept på heimesidene (dvs ikkje berre nyheitsak som forsvinn "nedover" i nyheitsloggen)	Alle
Lage turnusliste for pålegg på Facebook (dette gjeld og etter konf..)	IP
Legg inn frist for påmelding	IP
Neste presseutspel: etter valet ca onsdag	Atle / Ama

**Tidsplan for tiltaka (minus siste pkt): So fort som muleg!**

## **Sak 2. Status og vidare arbeid strategiar**

Status for grupper og prosjekt er utsendt.

IP gjekk gjennom status og behov for vidare tiltak:

- Prosjekta og hovudgruppene ser ut til å arbeide bra
- Behov for å utvikle web2.0 meir målretta og betre integrert
- Behov for å invitere fleire inn i aktivitetar og registrere interesseprofilar
- Må følge opp inkludering av ungdomsrepresentant
- Må setje i gang prosjekt rundt IT & klima

### Vedtak

Neste møte skal ta ei grundig evaluering og oppfølging av hovedsatsingar og arbeidsform.

Vedtak om inkludering av ungdom blir utsett til dette møtet.

Vedtak om iverksetjing av satsing på IT/klima/kompetansenettverk blir utsett til dette møtet.

Heather og driftsgruppa blir utfordra til å presentere innspel på dette punktet.

Neste møte blir halde torsdag 5. november kl 10:00-15:00 i Dale hjå verksemda Transplant.

## **Sak 3. Eventuelt**

Innkalling til representantskapsmøtet er sendt ut. Få forfall meldt. Atle føl opp vidare for å sikre god deltaking.

### Vedtak

- Kort status frå nettverka/prosjekta blir inkludert på sakslista. Sekretariatet føl opp.
- Fylkeskommunen blir utfordra til å gi eit kort orientering om nye anbudsprosessar for breiband hjå dei store offentlege etatane under saka om breibandstrategiar. Bjørn føl opp.